www.morsmal.no

Løva og dei tre oksane

Nynorsk

– ei forteljing frå Somalia

Det var ein gong ein stor og fin skog i Somalia. Midt i skogen, mellom dei høge trea, låg ei grøn, open slette, med ei elv som rann gjennom. Der budde tre oksar: Ein kvit okse, ein svart okse og ein brun okse. Dei var bestevenner og levde fredeleg saman.

Ein dag fekk dei besøk av ei løve. Dei tre oksane vart så redde at dei gjekk saman og gjorde seg klare til å slåst med løva. For sjølv om løva var sterk, meinte dei at dei *saman* var sterkare enn han.

«Ta det med ro, eg er ikkje farleg», sa løva og la seg ned på alle fire. «Eg bur på den andre sida av skogen, og der er det så einsamt og audt. Kan eg ikkje bli her hos dykk? Vi kan vere venner og passe på kvarandre.» Oksane syntest det høyrdest ut som ein god idé å vere venn med ei løve som kunne beskytte dei mot dei farlege dyra der ute.

Ein dag var den kvite oksen ute på beite, medan dei andre to tok seg ein ettermiddagslur. Då gjekk løva bort til dei to oksane og kviskra forsiktig til dei: «Veit de kva? Den kvite oksen er så lys at han skin skarpt om kvelden. Dei farlege dyra kan lett få auge på han og kome hit og ete oss alle saman.» Då dei to oksane høyrde dette, vart dei veldig redde. «Lat oss jage vekk den kvite oksen», sa løva.

«Løva har rett», tenkte dei og jaga vekk den kvite oksen.

Kort tid etter dette møtte løva den kvite oksen, der han gjekk heilt åleine. Løva fanga oksen og åt han opp. Så fór han attende til dei andre oksane og lét som ingenting.

Etter ei stund gjekk løva bort til den brune oksen og kviskra i øyret hans: «Den svarte oksen er så mørk og blenkjer så godt i dagslyset. Alle dei farlege dyra der ute kjem til å leggje merke til han, og så kjem dei hit og et oss opp».

Då den brune oksen høyrde dette, vart han redd. «Lat oss jage han vekk», sa løva. Det gjekk den brune oksen med på.

Det tok ikkje lang tid før løva såg den svarte oksen, der han gjekk heilt åleine. Løva fanga oksen og åt han opp. Så fór han attende og lét som ingenting.

No var den brune oksen
att åleine, og løva jaga
og fanga han.

Oksen slåst alt han kunne, men utan vennene sine var han ikkje sterk nok til å vinne over løva. Løva sette dei skarpe klørne sine i oksen og beit han i hel.

Då den brune oksen tok sitt aller siste andedrag, sa han: *«Det er ikkje i dag eg døyr. Eg døydde den dagen eg jaga bort vennen min».*

Illustratør: Svetlana Voronkova

Se flere fortellinger på morsmal.no